
Personalia

Doktorgrad 2015: Katrine Broch Hauge

Utdanning: Cand.jur, Bergen (2003)

Grad: Ph.D ved juridisk fakultet, Oslo

Disputas: 2. juni 2015

Avhandlingas tittel: Erstatningsnivået ved tvangsovertaking av fallrettar – Analyse av salsverdiestatning og kompensasjonsnorma ved etablering av bruksordningar i lys av ei idealnorm.

Prøveforelesingas tittel var «Mellom nasjonale behov og interesser og lokal sjølvråderett: Korleis blir ressursutnytting, arealbruk og miljøpåverknad styrt ved etablering av tiltak for fornybar energi?». I førelesninga drøfta Broch Hauge tre spørsmål om kompetansedelinga mellom stat og kommune ved etablering av tiltak for fornybar energi:

1. Korleis påverkar det tilhøvet mellom det lokale og det nasjonale at store delar av ressursgrunnlaget eigna for utbygging av fornybar energi, manglar verkty av typen «Samla plan»?
2. Korleis påverkar det tilhøvet mellom det lokale og nasjonale at energianlegg langt på veg er ute av plan- og bygningslova?
3. Vassforskrifta sikrar regional deltaking i forvaltning av vassressursane, men kva med det lokale sjølvstyret?

Etter prøveforelesinga ble det en pause før disputasen starta. Arbeidet ble gjennomgått grundig kapittel for kapittel. I det vidare presenterast eit samandrag av avhandlinga slik det vart presentert i invitasjon til disputasen.¹

Temaet i avhandlinga er kva erstatning du kan ha krav på som eigar av eit vassfall, dersom det vert ekspropriert. Spørsmålet er særleg aktuelt som fylgje av auka utbygging av småkraftverk, utviding av eksisterande kraftverk og, ikkje minst, bygging av nye kraftprosjekt.

Eit hovudfunn i studien er at det er ein markert avstand mellom idealnoma og ut-



måling av erstatning ved tvangsovertaking av fallrettar i dag. Idealnoma er i denne samanhengen ein målestokk som gir uttrykk for kva som er ei samfunnsøkonomisk gunstig løysing, og ei løysing som også gir uttrykk for ei viss rettferd mellom den som mister og den som får eigedom overført til seg. Idealnoma vart etablert på grunnlag av empirisk kunnskap om friviljuge falleigeavtalar, innsikt i økonomisk teori og rettferdsteori.

Ei hovudutfordring for den som vil ha kompensasjon er det vi kan omtala som påreknelegvurderingar. Kort sagt betyr det at ein falleigar i skjønnsretten må prova at han sjølv ville ha bygt ut eit kraftverk for å få «full utteljing» i erstatningsutmålinga. Desse påreknelegvurderingane, spådomar om kva som ville ha skjedd om ikkje ekspropriasjonstiltaket var aktuelt, gjer erstatningsutmålinga til ein usikker og lite føreseieleg prosess. Ein annan konsekvens av denne rettsbruken er at det lågaste erstatningsnivået i dag kun er tilgjengeleg for dei største aktørane blant ekspropriantane.

1. <http://www.jus.uio.no/ifp/forskning/arrangementer/disputaser/haug-katrine-broch.html>

Som fylgje av dei mange små kraftutbyggingane etablerer jordskifterettane i stadig større grad tvungne fellesskap, bruksordningar, med føremål om å leggja til rette for kraftutbygging. I avhandlinga finnest den første grundige analysen av spørsmåla dette reiser, og kva kompensasjonsnorm jordskifteretten skal leggja til grunn i desse sakene.

Eit tredje hovudtema i avhandlinga er kva føringar dei overordna rammene i Grunnlova § 105 og den europeiske menneskerettskonvensjonen TP 1-1 gir for rettsområdet. Avhandlinga viser for det første at rettferdsdeala i dei to føresegnene er på kollisjonskurs. For det andre kjem det fram at også i handhevinga av eigedomsvernet etter Grunnlova § 105 aksepterer Høgsterett at påreknalegvurderingar, spådomar om ei alternativ framtid utvikling, styrer kva som er eit tilfredsstillande erstatningsnivå. Kontrasten til tilnærminga i Den europeiske menneskerettsdomstolen er slåande.

Domstolen set som eit utgangspunkt krav om ein kompensasjon som kan omtalast som full marknadsvardi for eigedomsinngrep som svarar til tradisjonell ekspropriasjon. Ikkje fordi dette er den einaste riktige normen, men fordi ei slik løysing etter oppfatninga til domstolen gjerne er ei proporsjonal løysing. Skal ein forlate dette utgangspunktet må den aktuelle staten forklare kvifor det er rimeleg. Alt her har Den europeiske menneskerettsdomstolen valt ein annan systematikk enn det som er hovudtilnærminga til Høgsterett.

Broch Hauge har sidan september 2014 vært ansatt ved seksjon for Eigedom og Jus, ILP-NMBU, som universitetslektor og nå

som førsteamanuensis. Hun underviser innfor jordskifte, jordskifteprosess og ekspropriasjonsrett. Avhandlinga utgis som bok på Universitetsforlaget.



FALLRETTAR OG EKSPROPRIASJONS-ERSTATNING

Katrine Broch Hauge

Universitetsforlaget 2016, 464 sider,

pris kr. 699,-

ISBN 978-82-150-2581-0

(bildet av omslaget er gjengitt med tillatelse frå forlaget)